



SOM LÆKJARSEKRETÆR i ein storby tok healer Anne Nygård (38) inn så mykje sjukdomsenergiar frå menneske at ho sjølv vart sjuk. På Åheim får ho roa og stillheita ho treng.

Anne bur på Åheim med born og kjærast. Ho er healer, og det betyr at ho hjelper folk å få løyst opp blokkeringar i kroppen, som bidreg til at ein vert sjuk. Nokre gongar i året held ho også foredrag om korleis ein sjølv kan frigjere eigne energiar og samstundes verne seg mot lågt energinivå hos andre.

Anne Nygård driv firmaet Silver3stars saman med Beate Myklebust. Anne sin del er opplysning og å hjelpe folk, medan Beate tek seg av papirarbeid, nettsida og utsending av varer. Energikorta som er å få kjøpt i nettbutikken, er kanskje det Anne er mest kjent for i området. Ho fortel at det har vore prøvd i mange år å plassere energi i ting, og halde den der, men utan å lukkast. Med energikorta har ho fått ingeniørhjelp til å lage kort med syltynne energispiraltråd inni, og dei held energi.

Anne forklarar det slik at alt i universet består av energi. Den er inni oss, og den omgir oss. Utan den vert vi sjuke. Det er også derfor vi gjerne seier at batteria våre er utlada når vi er slitne og trøtte, seier ho.

Så dersom ein har stagnasjon i energiømløpet ein stad i kroppen, vil ein få eit område der som vert sjukt. Dette fortel Anne at ho kan sjå og kjenne, når ho pratar med menneske. Den som har mykje blokkeringar i kroppen, vil då ha lågare energi enn det den kunne hatt. Dersom Anne tek ei healing, er det som at ho vert ein transformator og opnar opp for å la universet sine energiar gå gjennom til den personen.

- Det kan gå anten på det fysiske eller det psykiske planet. Det kan eg ikkje styre, for energien går alltid dit der den trengs først. Når eg overfører energi, må mottakaren ta imot.

- Alle menneske er ulike når det gjeld kor open kroppa deira er for healing. Og det har ikkje noko å gjere med korvidt ein trur på det eller ikkje, seier Anne over telefon. Derfor kan ein utprega skeptiker verte hjelpt, samstundes som ein som verkeleg er innstilt på det er for blokkert til at det skal lukkast. Dette oppdagar ho medan ho helbredar.

- Det å vere ærleg er det eg synst er aller viktigast ved energiarbeid. Derfor er eg også imot hypnose. Då påvirkar du person utan at han eller ho veit kva den går med på.

Å helbrede andre har ho gjort lenge. Allereie som born kunne ho sjå det mange andre ikkje kunne, og på den måten forsto at ho var klarsynt.

- Det er å hjelpe folk gjennom healing som er min styrke. Men alle vil kunne finne ei draging inni seg sjølve, der du veit kvar dei kan bidra. Folk må gå meir ut frå ynskja sine og ikkje vere så redde for å sleppe det gamle for å finne det nye.

Virus går ikkje an å heale, kun dempe, fortel Anne. Det er fordi virus går inn i cella på ein anna måte enn bakteriar. Men vanleg smerte og betennelse kan healast. Ho finn mykje slitasje hjå folk, ein tek ikkje tida til å roe seg ned og finne tilbake til seg sjølv.

Anne er ikkje politisk engasjert, men ho høyrer kva folk er bekymra for i samfunnet.

- Norge er eit bra, men dessverre stressande, land å leve i. Vi veit at stress dreper, så det er vår kvardagssituasjon som gjer at vi sjukare enn kva vi burde ha vore. Vi burde begynne å ta betre vare

på oss sjølv, i staden for å skulle ha alt mogleg, og vere på alt mogleg. Dette gjeld både fritid og jobb.

- Dei personane som prøver å bruke fritida si på det dei er lyst til å gjere, har eit betre liv enn dei som stressar.

Anne er klarsynt og kan fortelje at det kjem til å verte ei aukande trend med tilflytting til landsbygda. I løpet av dei næraste tre-fire åra vil folk gå meir og meir tilbake til kor det var før, og leve eit rolegare liv. Fleire og fleire vil ynskje fleksitid framover.

Ho meiner stat og kommune har eit stort ansvar for å ikkje kutte endå meir ned på stillingane i det offentlege. Større bemanning på arbeidsplassar er viktig, slik at ikkje folk må gå for mykje på akkord med seg sjølve. Her må kommuner vere meir kreative og skape arbeidsplassar, slik at folk kan flytte tilbake til landsbygda.

- Folk vil tilbake til røtene sine.

*“Folk må gå meir ut frå ynskja sine, og ikkje vere så redde for å sleppe det gamle for å finne det nye”*